



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/6270 - 21/49473

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
15.07.2021

## Avslag på søknad om mellombels dispensasjon frå rekkjefølgjekrav - gbnr 322/13 Mjåtveit

**Administrativt vedtak.**      **Saknr:** 799/21  
**Tiltakshavar:**              Gripsgård Bygg AS  
**Søknadstype:**                Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

### VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve mellombels dispensasjon frå rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen for Mjåtveitstø knytte mellombels bruksløyve på gbnr 322/13 Mjåtveit.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om mellombels dispensasjon frå rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen for Mjåtveitstø knytte mellombels bruksløyve på gbnr 322/13 Mjåtveit.

Det vart gitt løyve til oppføring av 16 bueiningar i regulert område på gbnr 322/13. Tiltakshavar opplyser pr. telefon at i første omgang omfattar dispensasjonen frå rekkefølgekrav er naudsynt for å få bruksløyve for innflytting i ein 4-mannsbustad. I oktober er det planlagt å ta i bruk ytterlegare 12-bueiningar til saman 16-bueiningar innanfor planområdet.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.05.21 og tilleggsm informasjon mottatt pr. e-post den 08.07.21.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett då han var motteken. Sakshandsamingsfristen er 16 veker for dispensasjonssøknaden. Fristen er 19.08.21.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Mjåtveitstø gnr 322 bnr 13 med fl. og PlanID 125620150005 er definert som bustadføremaal.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen for Mjåtveitstø knytte mellombels bruksløyve på gbnr 322/13 Mjåtveit.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving som vist under:

#### **Saksforhold**

På vegne av tiltakshaver søkes det herved om dispensasjon fra rekkjefølgjekrav i forbindelse med søknad om midlertidig brukstillatelse ved gbnr. 322/13 i Alver kommune.

Det er godkjent 4 bygg med totalt 16 boenheter på eiendommen og disse blir ferdigstilt i løpet av våren/sommeren. Det har tidligere vært tenkt å fradele og opprette flere sameier, men man ser at det blir mer hensiktsmessig når alle bygg er ferdigstilt samtidig at man seksjonerer alle bygg som et sameie. Søknaden gjelder dermed alle bygg som er under Gbnr 322/13 i Alver kommune.

Tiltakshaver er Gripsgård bygg AS.

Dispensasjonssøknaden er nabovarslet elektronisk via Altinn. Det kom inn to merknader som senere er trukket se vedleggsgruppe C-3.

Gjeldende plan for eiendommen er Reguleringsplan for Mjåtveitstø, gnr 22, bnr 13 m.fl.

Det fremgår av planens bestemmelser om rekkjefølgjekrav at følgende krav må være oppfylt for å få brukstillatelse/ferdigattest:

2.4.1 Veg o\_SKV1 med fortau o\_SGS2 skal vera ferdig opparbeid før det kan gjevast bruksløyve til nye bustader i planområdet.

2.4.2 Veg f\_SV1 - 3 skal vera dimensjonert og ferdig opparbeidd i samsvar med plankart før det kan gjevast bruksløyve til nye bustader i planområdet.

2.4.4 Gangveg f\_SGS1, f\_SGS3 og f\_SGS4 skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for nye bustader i planområdet.

f\_SGS1 og f\_SV3 er opparbeidet, men de andre veiene gjenstår.

Det søkes derfor dispensasjon om midlertidig dispensasjon fra disse rekkjefølgebestemmelsene i områdeplanen.

Etter § 19-3 første ledd kan en midlertidig dispensasjon gis tidsbestemt eller for ubestemt tid. En utsettelse av rekkefølgekrav på ubestemt tid vil typisk være en midlertidig dispensasjon der rekkefølgekravet trer inn ved søknad om ferdigattest. Det er samme vilkår for både midlertidig dispensasjon og permanent dispensasjon.

Dispensasjonssøknaden er nabovarslet med Norkart sin løsning via Altinn.

### **Regelverk**

Plan og bygningsloven § 19-1 åpner for at det kan gis dispensasjon. De nærmere vilkår fremgår av § 19-2 andre ledd, første og andre punktum. Første punktum sier at dispensasjon ikke kan gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir "vesentlig tilsidesatt". Videre må fordelene ved å gi dispensasjon være "klart større" enn ulempene. Vilkårene er kumulative, dvs. at begge må være oppfylt for at dispensasjon kan gis.

Når det gjelder ordlyden legges det opp til at det må foretas en konkret vurdering av den enkelte sak. Dette underbygges av uttalelser i forarbeidene hvor det presiseres at "det må foretas en interesseavveining, der fordelene ved tiltaket må vurderes opp mot ulempene", jf. Ot. prp. nr. 32 (2007-2008).

### **Grunner for å gi dispensasjon**

Formålet med å fastsette rekkefølgekrav bygger på ulike hensyn, avhengig av hva rekkefølgekravet er relatert til.

I denne saken omhandler rekkefølgekravet opparbeiding av teknisk infrastruktur. Formålet med slike krav begrunnes i hovedsak med behovet for å legge til rette for bedre trafikkutvikling i området, samt sikre mer funksjonelle og trafikksikre løsninger for trafikanter, før det åpnes for utbygging som vil kunne generere økt trafikkbelastning.

I denne saken er det en ny områdereguleringsplan som er under opprulling. Det er dermed uavklart hvor trafikken vil bli lagt i fra fylkesvei. Det er ikke sikkert at det vil være hensiktsmessig å opparbeide Veg SKV1 og o\_SGS2 som tilkomstvei for feltet. Videre er det en utbygger som skal bygge ut et felt som i samarbeid med Gripsgård bygg AS ser på en tilpassing av dagens veitrase i forhold til hvordan den er inntegnet i reguleringsplanen (f\_SV1-2 og f\_SGS3-4). Det er også umulig å få nødvendige underskrifter fra hjemmelshavere for å klare å oppfylle rekkefølgekrav for veg, slik at det vil være en fordel å få lagt om traseen. Rekkefølgekravene skal dermed oppfylles, men det er pr nå for usikkert hva som blir endelig veitrase og dermed ikke hensiktsmessig å oppfylle veg med fortau (Veg SKV1 og o\_SGS2) og umulig uten signatur fra hjemmelshaver å oppfylle rekkefølgekrav for veg og fortau (f\_SV1-2 og f\_SGS3-4). Dispensasjonen er dermed kun en midlertidig dispensasjon ettersom rekkefølgekravene skal oppfylles innen ferdigattest.

Vi vil samtidig vise til at alle interne veier og infrastruktur er på plass og at man jobber parallelt med å finne en bedre løsning for veg. Hensynet til trygg trafikkavvikling og at barn skal ha trygg vei til lekeplass er ivaretatt med dagens situasjon ved at gangveien internt i feltet

er ferdig opparbeidet og man kan da gå en snarvei til veg med gangfelt. Videre vil det også bli gruset og utvidet en midlertidig gangvei i traseen for f\_SV1-2 og f\_SGS3-4. f\_SV1-2 og

f\_SGS3-4 er i dag en smal vei uten gangvei, men i seg selv er det kun en mindre økning av trafikk ettersom det totalt blir 16 nye enheter og det kun vil være en begrenset periode at eksisterende vei må nyttes. Hensynene bak bestemmelsene blir dermed ikke vesentlig tilsidesatt.

Av fordeler vil vi vise til at det i dag er vei inn i feltet og internt i feltet vil alle veier og gangveier blir opparbeidet. Feltet er opparbeidet med lekeplasser, interne veier og gangveier. Det er dermed et område med gode bokvaliteter som er spesielt tilrettelagt for småbarnsfamilier, og som vil kunne bidra med positiv befolkningsvekst i kommunen.

Presedensvirkningen blir beskjedent ettersom det er ting utenfor utbyggers kontroll som er bakgrunnen for at det søkes om dispensasjon. Det var umulig å ta høyde for at det skulle komme en ny områdeplan som vil medføre at det kan bli en alternativ vei inn i feltet som blir aktuell samt at rekkefølgekravet i forhold til vei skulle vise seg umulig å oppfylle på grunn av hjemmelshaver som ikke er mulig å få signatur fra. Det har vært forsøkt å sende hjemmelshaver av eiendommen som blir berørt av veien erklæring til signering og følgebrev med informasjon om planen i rekommandert brev, men vi har ikke kommet i kontakt med vedkommende.

Den negative virkningen ved å gi dispensasjon fra rekkefølgekravet vil dessuten kompenseres for ved at man stiller krav til oppfyllelse ved ferdigattest og gir midlertidig brukstillatelse for boligene. Det vil sikre oppfyllelse av rekkefølgekrav og dermed ivareta hensynene bak bestemmelsen.

Basert på det ovenfor nevnte finner vi at vilkårene for dispensasjon er oppfylt.

Konklusjonen er at det bør gis dispensasjon.

I e-post av 08.07.21 vart det gjeve følgjande presiseringa frå ansvarleg søkjar:

Viser til innsendt dispensasjonssøknad fra rekkefølgekrav på Gbnr 322/13 i Alver kommune.

Som tilleggsinformasjon til søknad om dispensasjon fra rekkefølgekrav vil presisere følgende:

Søknad om vei som ikke er opparbeidet enda blir sendt inn innen kort tid, og veien vil være ferdigstilt i løpet av 3-4 kvartal av 2021.

Fortau er gruset opp slik at trafiksikkerhet for myke trafikanter er ivaretatt.

Vi begrenser dispensasjonen til kun å gjelde for BKS1 som nå er ferdigstilt.

Dersom det er behov for ytterligere informasjon i saken, vennligst ta kontakt med undertegnede.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er henta inn uttale frå anna styresmakt.

Statsforvaltaren i Vestland kom med uttale den 08.06.21:



Vi viser til brev frå kommunen datert 07.06.21. Saka gjeld søknad om mellombels dispensasjon frå rekkjefølgjekrav i reguleringsplan for Mjåtveitstø for bruksløyve for 16 nye bueiningar på gbnr. 322/13 Mjåtveit. Rekkjefølgjekrav går på ferdigstilling av vegar med fortau, gangveg etc. Områdeplan for Dalstø som skal bestemme tilknytingspunktet til fylkesveg for heile område er under arbeid. Søkjar kjem med alternativt løysing for ivareta infrastruktur før plan er vedtatt

#### **Statsforvaltaren sine merknader**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det føresegna det dispenserast frå og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Omsynet bak føresegna om rekkjefølgjekrav for opparbeiding av veg, fortau og gangveg, er mellom anna og sikre trygg ferdsel. Det er særleg viktig at barn- og unge har ein trygg skuleveg, men dei skal også i fritida kunne ferdast trygt i nærmiljøet sitt. Kommunen må vurdere om ei dispensasjon vil sette omsyn til barn og unge til side.

Statforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Vestland fylkeskommune kom med uttale den 05.07.21:

#### **Saksgang**

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale oss i slike saker som vedkjem vårt saksområde jf. Plan- og bygningslova § 19-1. Vi har og klagerett i slike saker. Sidan eigedomen er regulert er det Alver kommune som planmynde som skal behandle søknaden.

#### **Uttale**

Rekkjefølgjekrav for opparbeiding av fortau og gangveg er for å sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar. Det er opplyst i dispensasjonssøknaden at det er ivaretatt at barn skal ha trygg veg til leikeplass ved at gangvegen internt i feltet er ferdig opparbeida. Kommunen må og sjå om trygg skuleveg også er sikra.

Det vert argumentert for dispensasjon med at ny områdeplan for Dalstø er under arbeid, som skal bestemme tilknytingspunkt mellom området og fylkesveg. Vestland fylkeskommune, ved infrastruktur og veg, meiner ein likevel må sjå på dagens situasjon og ha fokus på mjuke trafikantar i området.

Vi ber om å få saka til klagevurdering når ho er ferdig handsama.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla og det ligg føre 2 merknader frå eigar av gbnr. 322/28 og gbnr 322/152, som gjaldt tryggleik av ferdsel i ny trafikksituasjonen.

Ansvarleg søker opplyser at nabomerknader ble trekt etter e-post korrespondanse med aktuelle naboar.

#### **VURDERING**

##### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompensere for ulemper dispensasjon kan medføre.

### *Rekkjefølgjekrav*

Det går fram av føresegn 2.4 at følgjande skal vera ferdig opparbeid før det vert gitt mellombels bruksløyve for bustader på gbnr 322/13:

#### **2.4 Rekkjefølgjekrav**

- 2.4.1 Veg o\_SKV1 med fortau o\_SGS2 skal vera ferdig opparbeid før det kan gjevast bruksløyve til nye bustader i planområdet.
- 2.4.2 Veg f\_SV1 - 3 skal vera dimensjonert og ferdig opparbeidd i samsvar med plankart før det kan gjevast bruksløyve til nye bustader i planområdet.
- 2.4.3 Felles leikeplass f\_BLK1 - 3 skal vere opparbeid og ferdigstilt før det kan gjevast bruksløyve til nye bustader i felta BBB1 og BKS1 - 3.
- 2.4.4 Gangveg f\_SGS1, f\_SGS3 og f\_SGS4 skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for nye bustader i planområdet.
- 2.4.5 Naudsynt kapasitet på skule/barnehage må vere tilstades og dokumentarast før det kan gjevast bruksløyve til nye bustader i felta BBB1 og BKS1 - 3.

Omsynet med rekkjefølgjekrav for opparbeiding av teknisk infrastruktur i regulert område er å leggje til rette betre trafikktryggleik, forsvarleg trafikkutvikling i område, å sikra funksjonelle og trafikktrygge løysingar for trafikkantar før nye bustader opnar for bruk.

### **Faktiske forhold**

I dispensasjonssøknaden datert 26.05.21 skrivar søkjar at gangveg f\_SGS1 og veg f\_SV3 er ferdig utarbeida, men de andre vegane gjenstår. Det er planer å søke om mellombels bruksløyve for overlevering av 4-mannsbustad på BKS1 nå. Søkjar opplyser i søknaden at fortau er grusa opp og dermed er klar til bruk av mjuke trafikkantar og at interne vegar og infrastrukturen er på plass og tiltakshavar jobbar meir å finne betre løysing for veg. Søkjar vurderer at omsyn til trygg trafikk og at barn skal ha trygg veg til leikeplassen er ivaretatt med ferdig intern gangveg.

Vidare opplyser søkjar i e-post av 08.07.21 at resterande delar av vegen med fortau vert ferdigstilt i 3-4 kvartal 2021.

Samferdsel-, veg, vatn og avløpsavdelinga opplyser at dei pr. dags dato ikkje har overtatt vegar, gangvegar eller anna VA-anlegg. Vidare opplyse dei at det er gjennomført synfaring på staden 02.07.21 og at veg og VA-anlegget var ikkje

ferdigstilt på tidspunktet for synfaring. Avdelinga har også mottatte mangelfull sluttokumentasjon for avløpsanlegget på Mjåtveitstø den 09.07.21. Det er noko uklårt når aktuelle vegar og VA-anlegg er klar for overtaking.

### **Planforhald Dalstø - Mjåtveit**

Søkjar har oppgjeve rullering av områdeplan for Dalstø-Mjåtveitstø som en av grunnar korfor utbyggjar ikkje har utarbeida vegar SKV1 og 0\_SGS2 som tilkomstveg til feltet. Søkjar meiner at det ligg usikkerheit knytt trase frå fylkesveg til feltet og difor er det lite hensiktsmessig å opparbeide desse vegar nå. Områdeplanen er ikkje teke til førstegangshandsaming, så avklaringar knytt til endring av vegtrase er såleis ikkje avklart. Ein må difor forhalde seg til eksisterande godkjent reguleringsplan.

### **Privatrettslege forhold**

Vidare skrivar søkjar at anna utbyggjar, som skal bygge ut et felt, i lag med tiltakshavar (Gripsgård bygg AS) ser på alternativ for endring/tilpassing av dagens regulert vegtrase (f\_SV1-1 og f\_SGS3-4). Søkjar skrivar at det ikkje har lykkast å få naudsynnte signaturar frå hjemmelshavare for å klare å oppfylle rekjefølgekrav for veg med fortau slik desse er regulert. Søkjar meiner at det vil vere en fordel å få lagt om vegtrase.

Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege forhold i sin sakshandsaming jf. plan- og bygningslova § 21-6. Naudsynnte privatrettslege forhold i saka må vera på plass før kommunen kan handsame søknadane jf. plan- og bygningslova § 21-6. Om det ikkje er mogleg å gjennomføre innregulert veg, er det naudsynt med ein planendring av gjeldande plan.

### **Statlege mynde**

Både statsforvaltaren i Vestlandet og Vestland fylkeskommune har uttalt seg i saka. Begge instansar ber å prioritere og vurdere barn- og unge sine interesser, m.a. trygg ferdsel og trygg skuleveg i område.

### **Presedens**

Søkjar skrivar at presedens verknad vert beskjedent ettersom det er ting utanfor utbyggjar sin kontroll som er bakgrunn for dispensasjonssøknaden i denne saka og at det vart umogeleg å ta stode til områdeplanen og vegløyning i den då planen for Mjåtveitstø ble vedtatt.

Slik saka står nå er det administrasjonens vurdering at det ikkje ligg føre tungtvegande grunner for å ikkje gjennomføre utbygging av regulerte vegar i området. Dette sjølv om områdeplanen er under arbeid.

### **Vurdering**

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at:

1. Omsynet med rekkjefølgekrav for å sikra trygg ferdsel i området.
2. Vektlegging av miljø-, helse-, barn- og unge sine interesser.

3. Utbyggjar kjem med alternativ løysing for trafikk i området- mellombels gangveg i traseen for f\_SV1-2 og f\_SGS3-4.
4. Auking av belastning i trafikksituasjonen i feltet for f\_SGV3-4- smal veg utan gangveg i mellombels periode fram til ferdigstilling.
5. Ingen kommunal overtaking av vegar, interne vegar, gang vegar eller VA-anlegg har skjedd.
6. Presedensverknaden for liknande saker seinare.
7. Privatrettslege forhold er ikkje på plass.

Det er søkt om mellombels dispensasjon ettersom regulerte vegar ikkje er gjennomført i tråd med vedtatt plan. Tiltakshavar opplyser pr. telefon at i første omgang omfattar dispensasjonen frå rekkefølgekrav er naudsynt for å få bruksløyve for innflytting i ein 4-mannsbustad. I oktober er det planlagt å ta i bruk ytterlegare 12-bueiningar til saman 16-bueiningar innanfor planområdet. Omsøkte mellombels dispensasjon vil såleis vera gjeldande for 16-bueiningar i planområdet som skal nytta vegen.

Administrasjonen er usamd med søkjar som skrivar at det er mindre auking av trafikk med totalt 16 bueiningar i avgrensa periode då eksisterande veg f\_SGV3-4 skal nyttast. Etter vår vurdering vil auking av trafikken i område og belastning i trafikksituasjonen i feltet for f\_SGV3-4 vera uheldig sjølv om tiltakshavar vil etablere mellombels gangveg i traseen for f\_SV1-2 og f\_SGS3-4.

Det er vesentleg auking av belastning med 16 nye bueiningar sjølv om i avgrense tidsperiode fram til desember 2021. Administrasjonen legg til grunn i vurderinga at ingen av interne vegar, gangvegar eller VA-anlegg er overtatt av kommunen per dags dato i tillegg.

Administrasjonen er kritisk til å gje mellombels dispensasjon frå rekkefølgekrav i nyleg vedtatt planen. Då mister kommune fort kontroll over utbygningstakt og tar i bruk utrygge usikre vegløyser som medfører auking av trafikkbelastning på vegar som taklar ikkje det. Kommunens vurdering er at om tiltakshavar ikkje ynskjer å byggja ut regulerte vegar, må dette takast gjennom ein planending eventuelt kan ein søkja om dispensasjon om ein ikkje tilsidesett føremålet.

Administrasjonen kan ikkje sjå at dispensasjonen er godt nok grunngeve for at ein kan gjeve dispensasjon i saka. Administrasjonen si konkret vurdering i saka er at omsyna bak rekkefølgekrav i planen vert sett vesentleg til side som følgje av tiltaket det er søkt om dispensasjon for.

Når omsynet vert sett vesentleg til side er det ikkje grunnlag for å vurdere om fordelane ved dispensasjon er større enn ulempene.

## **Regelverk**



- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarlast etter pbl § 21-3.
- Krav til privatrettsleg sikra tilgang til vatn og avlaup følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Krav til avfallsplan følgjer av byggteknisk forskrift (TEK) § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/6270

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Gripsgård Bygg AS

Moldekleivmark 5919  
a 69A

FREKHAUG

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOS  
SEN